



MØTEINNKALLING

Utvalg: Administrasjonsutvalet

Møtestad: Voldsfjorden, Volda rådhus

Dato: 27.05.2016

Tid: 08:30

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til servicekontoret/utvalssekretær på telefon 700 58 700.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

B- saker er underlagt teieplikt og er unntakne offentleg innsyn.

Møtet er ope for publikum, med unntak når b-saker vert handsama.



SAKLISTE

Saksnr.

PS 5/16

Sak

Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 6/16

Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

PS 7/16

Lønspolitikk - prosess fram mot vedtak

PS 8/16

Tariffrevisjonen per 1.5.2016 - Hovudtariffavtale 2016 til uravstemming

PS 5/16 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 6/16 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Birgitte Sævik Pedersen	Arkivsak nr.:	2016/846
		Arkivkode:	081

Utvaksnsnr	Utvål	Møtedato
7/16	Administrasjonsutvalet	27.05.2016

LØNSPOLITIKK - PROSESS FRAM MOT VEDTAK

Administrasjonen si tilråding:

Samandrag av saka:

I administrasjonsutvalsmøte 12.02.2016 var sak om «Debathefte - KS spør» Hovudtariffoppgjøret 2016 oppå til handsaming. Administrasjonsutvalet drøfta det vidare arbeid i Volda kommune vedkomande tariff og lønsforhandlingar. Volda kommune sin lønspolitiske plan er frå 2005. Det er nedsett eit partsamansett utval som skal jobbe med planen. Målet er å få på plass ein plan før hovudforhandlingane hausten 2016. Administrasjonsutvalet gjorde vedtak om at prosess, tema og den lønspolitiske planen skal handsamast i administrasjonsutvalet.

Saksopplysningar:

Den partsamansette gruppa består av tre frå arbeidsgjevar sida og tre frå arbeidstakarsida. Arbeidsgjevar er representert ved personalsjef, opplæring- og oppvekstsjef og helse- og omsorgssjef. Desse er utnemnt av rådmannen. Frå arbeidstakarsida er Fagforbundet, Utdanningsforbundet og Norsk sykepleierforbund valt som representantar. Arbeidsgjevar stiller med sekretær i arbeidet.

Arbeidsgruppa har fram til no hatt fem møter i perioden 29.03 – d.d.

Prosessens og vidare framdrift er tenkt slik:

24.mai	27.mai	31.mai	1. juni	2.juni	Juni	August
Innspel frå arbeids- takarorg.	Sak vedk. prosess i Adm.	Gjennomgang og innspel frå leiargruppa	Arbeide med innspela	Møte i arbeids- gruppa	Endeleg utkast til arbeids- gruppa for godkjenning	Vedtak lønspolitikk i Adm.

Tema som ein har teke utgangspunkt i er:

- Kommunen sine mål for 2016 – 2019
- Forholdet til uorganiserte
- Når skjer lønsfastsetjing og av kven/korleis
- Likelønsperspektiv
- Rekruttere og behalde
- Kriterium for lønsfastsetting
- Kompetanseløn
- Funksjonar og funksjonstillegg
- Leiistarlingar og kriterium for vurdering

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen finn at ambisjonsnivået i 2016 ikkje må vere for høgt, då vi har mange store parallelle prosessar på gang. Det viktige i denne omgang er å få lagt nokre felles prinsipp for forhandlingane til hausten. Desse bør byggje på ei vurdering av situasjon og utfordringar sett frå både partar. Vi får då ein første generasjon lønspolitikk i år innanfor eit realistisk ambisjonsnivå. Denne politikken bygg vi vidare på neste år, slik at vi får ein meir fullstendig politikk kopla til arbeidsgjevarstrategien som skal vedtakast seinare i år.

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
Personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Arbeidsgruppa som arbeider med lønspolitikk
Kommunestyret



SAKSDOKUMENT

Sakshandsamar:	Birgitte Sævik Pedersen	Arkivsak nr.:	2016/844
		Arkivkode:	512

Utvaksnsnr	Utval	Møtedato
8/16	Administrasjonsutvalet	27.05.2016

TARIFFREVISJONEN PER 1.5.2016 - HOVUDTARIFFAVTALE 2016 TIL URAVSTEMMING

Administrasjonen si tilråding:

**Volda kommune stemmer ja til forslaget i tariffrevisjon per 1.5.2016.
Rådmannen signerer den elektroniske stemmeblanketten.**

Vedleggsliste:

[A-Rundskriv nr.: A/1-2016](#)

Samandrag av saka:

KS og forhandlingssamanslutningane har etter forhandlingar kome fram til ei løysing ved tariffrevisjon 2016. Arbeidsgjevarrepresentantane i administrasjonsutvalet har i K-sak 80/12 fått mynde til å avgjere saker vedkomande A-rundskriv frå Kommunenes Sentralforbund (KS) som krev vedtak.

Saksopplysningar:

Forhandlingane om ny Hovudtariffavtale starta 12. april 2016 og den 30. april 2016 anbefalte alle forhandlingssamanslutningane KS sitt siste tilbod. Det er fyrste gong i historia at ein har kome til semje utan mekling.

Forhandlingsresultatet har ei ramme på 2,4 prosent, den same ramma som i frontfaget (konkurranseutsett norsk industri).

Partane er samd om desse endringane i strukturen i hovudtariffavtalen:

- Høgskule - og universitetsutdanna i heile kommunesektoren får no same uttelling for utdanning.
- Lønnsgaranti etter 20 år som er regulert etter folketrygda sitt grunnbetjent, altså utan at partane sjølv har innflytelse over reguleringa, er tatt vekk.
- Alle grupper har no ein 16 års lønnsstige.

Det er ikkje sett av pott til lokale 4.2.1-forhandlingar (tidligare 4.A.1) hausten 2016. I 2017 vert sett av midlar til lokale forhandlingar etter HTA kap. 4, pkt. 4.2.1 på 0,9 % pr. 01.09.2017.

Det er den anbefalte forhandlingsløysinga, som kjem fram av vedlegget til A-rundskrivet (sjå vedlegg i saka) kommunen skal stemme ja eller nei til.

Nytt i år er at uravstemminga vil gå føre seg elektronisk. Svarfrist er 30.mai kl. 12.00. Iverksetting av endringane pr. 1.5.2016 kan først skje når resultatet er vedteke. Dette får kommunane melding om i form av B-rundskriv innan medio juni 2016.

Hovudstyret i KS anbefaler medlemmene å stemme JA i uravstemminga.

Vurdering og konklusjon:

Rådmannen rår til at Volda kommune fyl hovudstyret i KS si anbefaling og stemmer JA i uravstemminga.

Helse og miljøkonsekvensar:

Ingen

Økonomiske konsekvensar:

Beregnet årlønnsvekst 2015-2016 er på 2,4 %
Årlønnsvekstramme frå 2016 til 2017 er om lag 2,2 %.

Beredskapsmessige konsekvensar:

Ingen

Rune Sjurgard
Rådmann

Berit Lyngstad
Personalsjef

Utskrift av endeleg vedtak:

Kommunens sentralforbund via elektronisk stemmesetel.